



Møteprotokoll

Utval: Ungdomsrådet
Møtestad: Kommunesenteret 3043/44
Dato: 02.03.2026
Tid: Kl. 12:00 - 14:00

Følgjande medlem møtte

Parti

Alma Svidal
Birk Fredheim Klaesson
Erik Tunold Yttergård
Kristoffer Sunde
Ludvig Taraldsen Guddal
Mari Skaare
Natasha Piwko
Oskar Opheim Flåten
Torina Egge

Underskrifter:

Jannike Sunde
folkehelseadgjevar

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel
008/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
009/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
010/26	Referatsaker
011/26	Endringer av vedtekter til Stryn ungdomsråd
012/26	Framlegg til høyring - Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030
013/26	Stryn kulturskule - friplassar for elevar

008/26: Godkjenning av innkalling og sakliste

Ungdomsrådet 02.03.2026:

Handsaming:

UR- 008/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent

009/26: Godkjenning av protokoll frå forrige møte

Ungdomsrådet 02.03.2026:

Handsaming:

UR- 009/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møtet vart godkjent.

010/26: Referatsaker

Ungdomsrådet 02.03.2026:

Handsaming:

1. **Deltaking på fylkesting i Bergen**
 2. **Ungdomskonferanse 2026**
 3. **Status Erasmus+**
-
1. Leiar og nestleiar, Kristoffer Sunde og Natasha Piwko reiser som representantar frå Stryn ungdomsråd. Spørsmål om Stryn kommune kan sende fleire representantar som observatørar? Alma Svidal og Torina Egge ønskjer å reise. Ungdomsrådet har tilstrekkeleg økonomi til å sende to observatørar, og Egge og Svidal melder seg på.
 2. Ungdomskonferanse 2026, oppdatering av førebels program, og innspel. Torina, Alma og Natasha vurderar om dei vil sitte i ungdomspanelet for å svare på spørsmål i salen. Ungdomsråd og elevråd (+vara) er prioritert, samt politikarar og alle som jobbar med barn og unge. Konferansen heiter Ung kraft, og tema er ungdommen si påverknadskraft og korleis skape trygge forum for ungdom å seie meininga si, og vere ei stemme i alt frå klasserommet, fritida, politikken, andre stadar ungdom kan påverke. Kristoffer har taletid i neste kommunestyre, og kan invitere politikarar då. Det vert vidare arbeid med detaljar for programmet. Alle må bidra til å gjere konferansen kjent.

- Får ungdommane fri? Vi må oppmode rektorar og lærarar til at elevar får delta. Ungdområd får politisk fråvær.
- Første halvtime er registrering/velkomen
- Målgruppe:
- Innlegg: varigheit pr innlegg 15 min
 - a. Nordfjordkompaniet deltek v/Kjetil Svarstad
 - b. Politiker Odd Andre Olsen, det å ytre seg som ung
 - c. MB- som Ungistryn
 - d. Nils Petter Hauge, RVTS- ville også snakke om psykisk helse. Siri Linn avklarar meir
 - e. Paneldebatt- workshop- paneldebatt
 - f. Workshop: 3-4 oppgåver. Kombinere mat og workshop?
 - g. Leo Ajcik foredraget til slutt, dette kan vere opent for alle.
 - h. Pris: Mat er det usikre kortet i samband med kostnader. Kan ein berre ta betalt for maten, og avklare dette i forkant ved påmelding?

3. Gjennom Erasmus+ kan ungdom få høve til å reise til Italia for å lære meir om lokalsamfunnsutvikling. Ein må melde seg på/søke om å bli med sjølve. Erasmus+ dekker alle kostnader med reise og opphald.

Varamedlemmane Anna Holien Bø og Axel Brynstad Erdal deltok også på dette møtet.

UR- 010/26 Vedtak:

Referatsaker vert teke til vitande.

011/26: Endringer av vedtekter til Stryn ungdomsråd

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Skriv her»

Ungdomsrådet 02.02.2026:

Handsaming:

Møtet vart avlyst

UR- 007/26 Vedtak:

Saka blir behandla i neste møte.

Ungdomsrådet 02.03.2026:

Handsaming:

Endringer av vedtekter til Stryn ungdomsråd

Gjennomgong av forslag til vedtekter og innspel. Det vert eit innspel om at ungdom som ikkje er tilknytta skule, av ulike grunnar, kan få ein plass i ungdomsrådet. Dette er to ekstraplassar som må annonserast i media, og ungdom kan søke. Desse representantane sit i eit år.

Vedtektene vert samrøystes tilrådd.

UR- 011/26 Vedtak:

Endring av vedtekter til Stryn ungdomsråd vert godkjende.

012/26: Framlegg til høyring - Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Inkluderingsutvalet 10.02.2026:

Handsaming:

Ingrid Heieren Sølberg orienterte om frivilligpolitikk som no skal ut på høyring.

Torstein Tvinnereim kom med slikt tilleggsframlegg:

Inkluderingsutvalet støttar det som så langt ligg til grunn for høyring. Kultur og frivilligheit er kanskje den viktigaste inkluderingsarenaen. Istryn er viktig å få til å fungere for alle og blir gjort tilgjengeleg på fleire språk. Vi må også passe på at vi når både dei eldre og dei yngre. Dette kan vere gjennom App-tilgang, og gjennom skriftleg informasjon. Det er mykje midlar ein kan søkje på i inkluderingsfeltet. Inkluderingsutvalet oppmodar om at ein ser på dette, slik at det kan kome ekstra midlar inn og dermed mogleg å satse ekstra på å få inkludert flest mogleg. Kan ein nytte Fjordingen som plattform for kva som finst av ulike organisasjonar i Stryn kommune?

Kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggsframlegg frå Torstein Tvinnereim vart samrøystes tilrådd.

IU- 004/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Inkluderingsutvalet støttar det som så langt ligg til grunn for høyring. Kultur og frivilligheit er kanskje den viktigaste inkluderingsarenaen. Istryn er viktig å få til å fungere for alle og blir gjort tilgjengeleg på fleire språk. Vi må også passe på at vi når både dei eldre og dei yngre. Dette kan vere gjennom App-tilgang, og gjennom skriftleg informasjon. Det er mykje midlar ein kan søkje på i inkluderingsfeltet. Inkluderingsutvalet oppmodar om at ein ser på dette, slik at det kan kome ekstra midlar inn og dermed mogleg å satse ekstra på å få inkludert flest mogleg. Kan ein nytte Fjordingen som plattform for kva som finst av ulike organisasjonar i Stryn kommune?

Utval for samfunnsutvikling 12.02.2026:

Handsaming:

Ingrid Heieren Sølvberg deltok under saka for å orientere og svare på spørsmål.
Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

USA- 007/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Utval for helse og sosial 12.02.2026:

Handsaming:

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

UHS- 007/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Utval for oppvekst 12.02.2026:

Handsaming:

Det blei orientert om framlegg til frivilligpolitikk for perioden 2026–2030. Planen skal styrke og vidareutvikle frivillig sektor i tråd med samfunnsplanen Fagre Stryn 2.0. Framlegget byggjer på innspel frå lag og organisasjonar og skal leggjast ut til offentleg høyring i seks veker.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd.

UOP- 005/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Representanten Rune Myklebust hadde fått permisjon, det var 6 røsyteføre
Framlegg frå Utval for helse og sosial, Utval for oppvekst og Utval for samfunnsutvikling samrøystes tilrådd

FO- 015/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

Ungdomsrådet 02.03.2026:

Handsaming:

Informasjon v/ samfunnskoordinator Siri Linn Opsal om arbeidet som er gjort med frivilligpolitikk i Stryn, samt gjennomgang av dokumentet.

Kommunedirektøren sitt framlegg samrøystes tilrådd

UR- 012/26 Vedtak:

I samsvar med plan- og bygningslova vert framlegg til Frivilligpolitikk i Stryn kommune 2026-2030 lagt ut til offentleg høyring i seks veker.

013/26: Stryn kulturskule - friplassar for elevar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Inkluderingsutvalet 10.02.2026:

Handsaming:

Coopordninga gjeld no kun for idrett. Det betyr no at Kulturskulen ikkje har noko ordning med friplass.

Torstein Tvinnereim kom med slikt tilleggsframlegg:

Inkluderingsutvalet ser det som særst positivt at ein prøver ut ordninga og vonar ordninga kan halde fram også etter prøveperioden.

IU- 005/26 Vedtak:

Inkluderingsutvalet kjem med slik uttale i saka:

Inkluderingsutvalet ser det som særst positivt at ein prøver ut ordninga og vonar ordninga kan halde fram også etter prøveperioden.

Utval for samfunnsutvikling 12.02.2026:

Handsaming:

Ingrid Heieren Sølvberg deltok under saka for å orientere og svare på spørsmål.

Vegard Bjørlykke (Frp) kom med følgjande framlegg:

Med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon vert det ikkje gått vidare med arbeidet ang friplassar i Stryn Kulturskule.

Framlegget frå Bjørlykke fekk 1 røyst og fall.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart tilrådd med 6 røyster.

USA- 008/26 Vedtak:

Stryn kulturskule ønskjer å sjå vidare på ei ordning for å kunne tilby friplassar for elevar. Ein ser føre seg start frå hausten 2026 med 10 friplassar, med evaluering etter eit halvt år. For at dette skal vere ei varig ordning vil kulturskulen fremme eit tiltak budsjett for 2027 med kostnad for 10 plassar.

Formannskapet 24.02.2026:

Handsaming:

Representanten Rune Myklebust hadde fått permisjon, det var 6 røsyteføre

Framlegg frå Utval for samfunnsutvikling samrøystes tilrådd.

FO- 016/26 Vedtak:

Stryn kulturskule ønskjer å sjå vidare på ei ordning for å kunne tilby friplassar for elevar. Ein ser føre seg start frå hausten 2026 med 10 friplassar, med evaluering etter eit halvt år. For at dette skal vere ei varig ordning vil kulturskulen fremme eit tiltak budsjett for 2027 med kostnad for 10 plassar.

Ungdomsrådet 02.03.2026:

Handsaming:

Ungdomsrådet er samde med uttale frå Frp, med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon.

Ungdomsrådet foretrekk ei løysing med inntektsgradert reduksjon i pris for husstandar med låg økonomi, og vurderar dette som beste alternativ. Rådet vurderar også at ein eigenandel kan sikre at deltakar er motivert for å gå på kulturskulen.

Ungdomsrådet sitt framlegg er samrøystes vedteke.

UR- 013/26 Vedtak:

Ungdomsrådet er samde med uttale frå Frp, med bakgrunn i kommunen sin økonomiske situasjon.

Ungdomsrådet foretrekk ei løysing med inntektsgradert reduksjon i pris for husstandar med låg økonomi, og vurderar dette som beste alternativ. Rådet vurderar også at ein eigenandel kan sikre at deltakar er motivert for å gå på kulturskulen.